

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås.

Emne: Ting til lækjedom og  
vern mot sjukdom.

Bygdelag: Indre-Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft.

(adresse): Åskelandsvåg.

G.nr. 18 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## A. Ringar.

1. Har fått opplyst at ein husmann på grannegarden

A. Ringar.

hadde ein "elektrisk" tambakring. Han skulle hjelpe  
 Ein veit i Mannen/ at folk her har nytta ringar  
 mot sjukdom. ~~xxx~~ var fødd ikring 1840. Veit ikkje  
 meir om dette. seg noko ovtru til.

## B. Armband.

Ein veit ikkje om at folk nytta armband som det  
 knyter seg noko ovtru til. I det heile trur ein  
 ikkje at folk her nytta armband.

C. Hengesmykke.

Trur ikkje at slike har vore nytta i våre bygder.

## D. Belter.

10. I 1912 veit eg om ein mann som kjende seg sjuk,  
 han kalla det "nervesvakheit". Han fekk eit elek-  
 trisk belte frå Tyskland.

11. Det var kalla elektrisk belte, og det var lyst  
 ut i blada under dette namnet.

12. Beltat var samansett av sinkplater inn i tøy -  
 Han hadde beltet i edikk og bar det så på berre ~~xxxxxx~~.  
 kroppen rundt livet.

## E. Øyreringar.

14. Ein skomakar her hadde øyreringar. Han døydde  
 ikring 1920 og var då over 80 år. Han hadde stede

læretida si i Bergen, og det var der han i unge år hadde fått øyreringane i-sette.

15. Ringane hans var av grann mettalltråd og held seg alltid blanke (nikkelfarga).

Ringane var festa gjennom eit hol i øyro.

16. Han hadde ringar i både øyro.

17. Han sa sjølv det var ~~xxx~~ av omsyn til augo og synet han hadde fått dei i-sette.

18. Eg kan ikkje minnast at eg har sett andre her i bygda enn denne skomakaren som har bare øyreringar.

#### F. Ymse ting.

for

20. Eg veit om eldre folk som/på byturar eller ~~andre~~ reiser /alltid tok eit kamferstykke med seg i lumma. Det gjeld både menn og kvinner. Det var for å verja seg mot sjukdom - eg tykkjest minnast at det var helst krim-sjukdom det skule verja ein mot.

21. Eg veit at unge gjenter på bygdene i 1860 åra såg seg stor mun i å få noko lange sølvsnorer til å ha rundt halsen og derfrå fallande ned over bringa fest i beltet. Desse ~~xxxxx~~ snorene kala dei "angestesnorer", men om dette namnet "ageste" kjem av at snorene var fletta av sølvtråd eller det har noko med ovtru å gjera, veit eg ikkje.

-----o O o-----